



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Tore Henrik Øye		23/576

FONDSTILSKOT TIL Å VIDAREFØRE KARTLEGGING AV SKADAR PÅ GRASENG GRUNNA HJORTBEITING I EKSINGDALEN

Vedlagte saksdokument:

VEDTEKER FOR VAKSDAL KOMMUNE SITT FOND FOR VILT, FISKE OG FRILUFTSLIV (L)(94470)
Rapport hjorteskarar Eksingedalen 2022
Budsjett beitskarar Eksingedalen 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Viltnemnda i Vaksdal kommune, ved Formannskap, plan- og økonomiutval (FPØ), løyver inntil kr. 50 000,- til Norsk Landbruksrådgiving Vest for å vidareføre kartlegging av skadar og økonomiske tap frå hjortebeiting på slåtteeng i Eksingedalen

Tilskotet vert løyvd frå Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv, med bakgrunn i §§ 2 og 5 i fondsvedtektene.

Tilskotet skal i hovudsak knytast til etablering og drift av prøveruter, med rapportering og resultatvurdering.

Tilskotet vert betalt ut etter at kommunen har motteke sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Arbeidsfristen er sett til 01.12.24.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Landbruksrådgjeving Vest søker om kr. 58 916,- i tilskot til å vidareføre kartlegging av hjorteskarar på slåtteeng (dyrka mark) i 2023. Tiltaket er ei oppfølging av kartlegginga i 2022, som Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv, løyvde kr. 50 000,- til.

Føremålet med planlagt tiltak er å synleggjere og dokumentere tap av avling og økonomi som følgje av beiting frå hjort.

Resultatet frå kartlegginga skal inngå som grunnlag for den lokale forvaltinga av hjortestamma.

Fondssaldoen per 01.05.23 er på kr. 975 761,-. I følgje vedtektene skal kr. 250 000,- vere bunden kapital (grunnkapital). Disponibel saldo er soleis kr. 725 761,-. Ved ei tildeling vil den disponible kapitalen vere kr. 675 761,-.

Kommunedirektøren vurderer at søknaden frå landbruksrådgjevinga er i tråd med fondsformålet, og innanfor rammene av tilgjengelege tilskotsmidlar, med framlegg om å løyve inntil kr. 50 000,- til tiltaket.

Bakgrunn for saka

I søknad av 23.03.23 søker Norsk Landbruksrådgiving Vest, v/ Mari Aker, om økonomisk tilskot for å vidareføre kartlegginga av skadeomfanget på slåtteeng (dyrka mark) i Eksingedalen, som følgje av beiteskadar frå hjort.

Bakgrunnen for søknaden er høg hjortetettheit i dalføret, med høgt skadepress på slåttemark, spesielt på stader med god kvalitet på enga. Dette går vesentleg ut over grasavlingane og driftsøkonomien til gardbrukarane.

Gardbrukarane har i fleire år hatt ønskje om undersøkingar som synleggjer og dokumenterer hjorteskadane, med tapte avlingar og økonomisk tap. I dette høve gjennomførte Landbruksrådgiving Vest forsøk på utvalde stader i Eksingedalen i 2022, gjennom utplassering av «hjortebur» på engareal.

Metoden handlar om å etablere prøveflatar, skjerma for hjortebeiting, slik at ein kan kartleggje/måle grasvekst og samansetjing i enga, innanfor og utanfor bura. Soleis får ein eit mål på redusert avling og tapt økonomi som følgje av beiteskadar frå hjort. Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv støtta prosjektet i 2022 med kr. 50 000,-.



«Hjortebur» i Eksingedalen i vekstsesongen 2022.

Forsøket viste litt ulike resultat mellom prøvefelta, men gjennomsnittleg tap vart kvantifisert til 52 fe/da og kr. 287,-/daa. Resultatoversynet er sendt inn til kommunen, og tilskotet er betalt ut.

For å få eit rettast mogleg bilete av situasjonen, med sikrast mogleg resultat, er det i følgje søkjar viktig å gjennomføre kartlegginga over fleire år. I dette høvet er det difor søkt om kr. 58 916,- til vidareføring av prosjektet i 2023, på bakgrunn av følgjande budsjett.

Budsjett

	kr/stk, kr/t	timar/stk	Totalt
Etablering av ruter	800	8	6 400
Hausting av forsøksruter, 1 pers, 5 dagar + tørking prøver	800	42	33 600
Behandling av datamaterial, rapport	800	3	2 400
Markdag/møte + førebuing	800	10	8 000
Markdag/møte. Lokale og mat		1	3 000
Reisekostnadar 7 turar Voss-Eksingedalen t/r	788	7	5 516
Sum			58 916

Med utgangspunkt i erfaringane frå 2022, opplyser søkjar at det for 2023 skal gjernast nokre endringar. Mellom anna ved å plassere ut bura tidlegare på året (i god tid før vekstsesongen), og å flytte stasjonsnettlet noko, ved å prioritere slåtteng med høgt innslag av timotei, og å inkludere attlegg.

Det vert lagt opp til markdagar (informasjonsmøte) før og etter kartlegginga.

Formelt grunnlag:

- Vedtekter for Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv

Vurdering og konsekvensar:

I følgje vedtektene § 2, er føremålet med fondsmidlane å fremje opphjelp av vilt, fiske og friluftsliv i Vaksdal kommune, med grunneigarar som aktuelle søkjarar. I dette høvet er vurderinga at gjeldande søknad er fremja på vegne av gardbrukarane, og at søknaden ligg innanfor fondsføremålet.

Søknaden om tilskot handlar om å kartleggje skadane hjorten påfører gardbrukarane si jordbruksdrift i Eksingedalen, gjennom dyrking av gras som vinterfôr for husdyrhaldet.

Hjortebestanden har auke mykje i kommunen dei siste ti åra, spesielt i Eksingedalen, med påfølgjande skadar på slåtteeng (dyrka mark). Mjølkeprodusentane er i dette høvet, spesielt avhengig av mykje og godt grovfôr, og storparten av mjølkebøndene i Vaksdal kommune, held til i dalføret. Desse produsentane får òg dei største tapa ved hjortebeiting.

Forvaltingsplanen for hjort i Vaksdal kommune, har som mål om å redusere bestanden, mellom anna ut frå omsynet til skadepress på innmark. Reduksjon av bestanden vil fremje kvaliteten på dyra og samansetjinga i bestanden, samstundes som situasjonen for landbruket, vonleg vert betre. Planlagt kartlegging vil difor styrkje informasjons- og kunnskapsgrunnlaget for den lokale forvaltninga.

I følgje fondsvedtektene § 5, er målet å oppnå følgjande fordeling av tildelte fondsmidlar over ein 5-årsperiode:

- Fiskeføremål: 50 % Viltføremål: 25 % Friluftslivsføremål 25 %

Status for fondsbruken dei siste fem åra, viser følgjande fordeling (omtrentleg oversyn, atterhald om «feil»!):

- *Fiskeføremål: 70 % Viltføremål: 20 % Friluftslivsføremål 10 %*

Målet om fordeling mellom fondsføremåla vert ikkje sett på som absolutt, men som ei rettesnor for fondsforvaltinga. Oversynet viser i dette høvet at det er rom for å løyve tilskot til vilttiltak. Likevel vil ei tildeling som innstilt, føre til at den prosentvise bruken går opp. Her er det også relevant at kommunedirektøren si innstilling om å løyve kr. 50 000,- til oppgradering av skytebane på Eidslandet (vilttiltak), også vil påverke fordelinga mellom saksområda, sjå eiga innstilling.

I følgje vedtektene for fondet § 3, skal bunden fondskapital (grunnkapitalen) vere på kr. 250 000,-. Fondssaldo per 01.04.23 er kr. 975 761,-. Dette gjev ein tilgjengelege fondskapital på kr. 725 761,-. Årlege innskot frå regullant er kr. 57 772,- (ikkje rekna med i saldoen for -23).

Ved vurderinga av søknad frå Landbruksrådgiving Vest, må ein ta utgangspunkt i fondssaldoen og fondet sitt økonomisk handlingsrom. Tilgjengeleg fondskapital gjev i dette høvet grunnlag for å tildele midlar, også med utgangspunkt i ei forvalting som sikrar tilstrekkeleg med fondsmidlar over tid, og som ikkje gjer at saldoen kjem for langt ned mot grunnkapitalen. Her er det også teke høgde for framlegget om løyving av kr. 50 000,- til oppgradering av skytebane på Eidslandet.

I følgje vedtektene § 5, er søknadsfristen for fondet 1. desember i søknadsåret. Av omsyn til innhald og karakter, med gjennomføring av tiltaket i sommarhalvåret, og at ei løyving ikkje i særleg grad, vil gå ut over fondet sitt framtidige handlingsrom, vert det funne grunnlag for å handsame søknaden før søknadsfristen.

På bakgrunn av ei samla vurdering vert det funne grunnlag for å løyve inntil kr. 50 000,- til å kartleggje hjorteskadar på innmark i Eksingedalen i 2023, *med hovudvekt på etablering og drift av prøveruter, inkludert resultatvurdering*. Framlegget utgjer kr. 8 916,- mindre enn kva det er søkt om.

Tilskotet vert løyvdy som eit fast beløp, knytt til innhaldet i søknaden og dokumenterte kostnader.

Utbetaling av tilskotet vert gjort etter innsending av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.